

Psykisk helsearbeid for barn og unge i Klepp. Plan 2017-2020

Barna vår framtid

Innhald

1. INNLEIING	s 2
1.1 Bakgrunn	s 2
1.2 Planprosess	s 2
1.3 Planen	s 2
2. PSYKISK HELSE	s 3
2.1 Kva er positiv psykisk helse og livskvalitet	s 3
2.2 Helse der folk lever sine liv	s 3
2.3 Barn og unge i risiko – kva legg vi i begrepet	s 4
3. PSYKISK HELSEARBEID	s 4
4. HANDLINGSDEL	s 7
4.1 Mål og strategiar	s 7
4.2 Innsatsområde	s 7
5. IMPLEMENTERING	s 11
5.1 Plan, vidare konkretisering	s 11
5.2 Tenester- ansvarsfordeling	s 11
5.3 Verktøy	s 12
5.4 Ansvar	s 12
Vedlegg: Program og verktøy	

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Satsinga på barn og unge er forankra i kommunen sin visjon BARNA VÅR FRAMTID. I kommuneplanen 2014-2015 er barn og unge framheva i kommunemålet (sitat):

Barn og unge i første rekke

Barn og unge skal prioriterast, jamfør kommunevisjonen. Dette inneber at barn og unge skal ha gode oppvekst- og læringsvilkår og gode fritidsvilkår. Kommunen skal særleg via merksemd til barn og unge som av ulike grunnar står i fare for å utvikla vanskar. Tidlig oppdaging og tidlege tiltak er viktig.

Barn og unge i Klepp er i hovudsak friske og har god fysisk og psykisk helse. Dei får god oppfølging og mange deltek i meningsfulle og utviklande fellesskap. I tillegg har dei fleste foreldre kunnskap om kva barna deira treng og ynskjer å gje dei ein best mogleg oppvekst. «Folkehelseoversikten for Klepp kommune 2015-2018» viser allikevel at barn og unges psykiske helse bør ha fokus framover. Bagrunnen er blant anna tal frå elevundersøkingar, Ungdata, fråfall i vidaregåande skule. Det er imidlertid gledeleg at dei aller siste tala for mobbing og fråfall i vidaregåande skule tyder på ei meir positiv utvikling enn for få år sidan.

I juni 2015 blei det gjennomført forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid for barn og unge. Revisjonsrapporten trekte fram ein del forbetningsområde, og tilrådde kommunen å setja i verk konkrete tiltak som å utarbeida overordna planar, strategiar og målsetjingar for arbeidet med psykisk helse for barn og unge, tydeleggjera ansvarsdelinga mellom tenestene som arbeider med området, leggja betre til rette for brukarmedverknad både på systemnivå og individnivå og meir aktivt informera innbygarane om tenestetilbodet til barn og unge med psykiske vanskar.

Rådmannen si leiargruppa ba i desember 2015 oppvekstgruppa setja ned ei plangruppa som skulle utarbeida Plan for psykisk helsearbeid for barn og unge. Siktemålet var å skapa felles forståing og samordna innsats innan feltet, og sørge for at alle som arbeider innan oppvekstfeltet legg til rette for at barn og unge skal kunna utvikla god psykisk helse.

1.2 Planprosess

Med utgangspunkt i «oppveksttrekanten», blei det sett ned tre arbeidsgrupper. Ei gruppe har hatt fokus på «Alle barn og unge», ei på «Barn og ungdom i risiko for å utvikla vanskar» og ei på «Barn og ungdom i vanskar». Arbeidsgruppene har vore samansette på tvers av etatar og fag. Innspel frå arbeidsgruppene er koordinerte og bearbeidde i ei overordna plangruppe. Det har vore brei involvering av tilsette, både ved felles oppstartsamling, jamlege møte og oppfølging i arbeidsgruppene.

1.3 Planen

Dette er ein overordna plan for alle som arbeider med barn og ungdom i kommunen. I mandatet frå oppvekstgruppa heiter det at denne planen skal:

- Legga vekt på tidlig oppdaging og innsats, samt sikra at barn og unge får samordna tenester
- Tydeleggjera ansvarsdelinga mellom tenestene som arbeider med psykisk helse for barn og unge
- Legga til rette for kunnskapsheving


Kommunen har fleire andre planar som omhandlar oppvekstvilkår for barn og unge: Plan for førebyggong av og tiltak ved skulefråver, Plan mot vald i nære relasjonar, Plan mot barnefattigdom og Kva skal du i morgon (plan mot fråfall i vidaregåande opplæring)

2. PSYKISK HELSE

2.1 Kva er positiv psykisk helse og livskvalitet

Verdas helseorganisasjon definerer god psykisk helse som ei tilstand av velvære (wellbeing) der den einskilde realiserer sine muligheter, kan handtera normalt stress, kan arbeida på ein fruktbar og produktiv måte og har høve til å bidra for samfunnet.

I folkehelsearbeidet set ein gjerne fokus på kva som må liggja til rette for å utvikla ein god livskvalitet; faktorar som vert kalla meistringsbetingelsar. Slike betingelsar er ulike forhold i menneskene sine miljø og på ulike arenaer, som kan fremma meistring, tilhørslse, utvikling, oppleving av mening, delte mål og verdiar og positive relasjonar. Under ser du ei oversikt over slike meistringsbetingingar.



2.2 Helse der folk lever sine liv

Som vist i modellen over vert innbyggerane i Klepp si helse i stor grad påverka av faktorar utanfor helsetenestene. I det forebyggande psykiske helsearbeidet kan tiltak knytta til samfunnsøkonomi, arbeidsliv, buforhold, skular, barnehagar, familieliv og livsstil vera vel så virkningsfulle som tiltak i helsetjenesten.

Når det gjeld forhold tettare på det einskilde menneske – kjenner vi fleire faktorar som er viktig for å utvikla god livskvalitet og psykisk helse:

- **Evne til å kunna oppretta og vedlikehalda varige relasjonar**
Sentrale element i ei god psykisk helse er vår forståing av og forhold til oss sjølv og andre. Eit stabilt og velutvikla sjølvbilette og ei god sjølvkjensele er grunnmuren for god psykisk helse. Mennesket er eit sosialt vesen, og i nære relasjonar kan me utvikla oss, oppleve felleskap og at me betyr noko for andre.
- **Evne til og mogligheit for meningsfulle aktivitetar**
Me treng å kunna gjera noko som me sjølv eller andre har glede eller nytte av. Då kan me oppleve meining, meistring og samanhang. Regelmessig, meningsfylt fysisk aktivitet forbetrer også vår fysiske form og gjer oss betre i stand til å meistra kvardagen sine krav og utfordringar.
- **Evne til å meistre påkjenningar**
Utfordringar og oppgåver som me har mogligheit til å meistra, gjer oss positive opplevingar som er med på å utvikla god psykisk helse. Kunnskap om psykisk helse vil gje oss forståing, forutsigbarheit og evne til å løyse oppgåver sjølv under stress.

2.3 Barn og unge i risiko – kva legg vi i begrepet

Barn er utsett for ulike faktorar i sin oppvekst som gjer risiko for utvikling av psykiske vanskar og sjukdom. Vi veit også at barn og deira familiar har ressursar og beskyttelsesfaktorar som balanserar og motverkar risiko. Vi har her valgt å liste opp nokre av dei kjende risikofaktorane, for at vi som nyttar planen skal være tryggare på at vi snakker om dei same utfordringane.

Risikofaktorar:

- Barn av foreldre med psykisk sjukdom, med rusmiddelmissbruk, som lever i dårlege sosioøkonomiske kår eller som har opplevd vald, overgrep eller omsorgssvikt.
- Barn som veks opp med alvorleg sjuke foreldre eller familiemedlemmar
- Barn som er utsett for mobbing eller anna krenkande åtferd
- Barn som av ulike årsaker er ekstra sårbare eller som lever i ein annleis kvardag enn dei fleste, til eksempel i fosterheim
- Barn som opplever ulike former for kriser eller traume, - som dødsfall, skilsmisse eller krig og flukt
- Barn med spesifikke vanskar – funksjonsnedsetjingar, utviklingsforstyringar eller identitetsutfordringar

Som særleg sårbare fasar i livet reknar vi barnets to første leveår, ungdomstida og overgangar mellom ulike fasar i livet.

Vi bør vera særskild merksame på forholda i heimen og omsorgen barnet får, barnet si faglige og sosiale fungering, sårbarheit, opplevde traumer og forventningspress.


Og så er det like viktig å vere merksame på beskyttelsesfaktorar i barnet sitt liv.

3. PSYKISK HELSEARBEID

Den samla innsatsen innan psykisk helsearbeid for barn og ungdom består i hovudsak av :

- Svangerskapsomsorgen med jordmor og fastlege
- Helsestasjonstenesta med familieeininga og psykologtenesta
- Legetenesta
- Barnehagen
- Skulen
- Skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom
- PPT
- Barnevern
- Fysioterapitenesta
- Kultur- og fritidstilbod

Planen omfattar alle barn og unge, frå 0 til 20 år. Gruppa er vid, og det er nødvendig å ha ei rekke tiltak å setja i verk, alt etter kva utfordring den enkelte har. Til å synleggjera dette har vi nytta oss av «oppveksttrekanten» som ei grovinnndeling av innsatsnivå.



Innsatsnivå 1: Alle barn og ungdom

Målgrupper:

Heile barne- og ungdomsgruppa med foreldre og føresette, til dømes heile årskull, heile klassar, alle nyfødte, alle barn i barnehage og deira.

Hovudfokus:

Helsefremjande og førebyggjande arbeid, å «fylla på» med det som skaper glede og trivsel for å oppnå god, psykisk helse for alle. Dette vert gjenspegla i kvalitetsmål i barnehagar og skular, i undervisning og opplysningsarbeid. Mykje av arbeidet i helsestasjonen har også dette som målsetting. Massestrategiar vert brukt framfor innsats mot enkelte grupper.

Kontakten mellom heim og skule, barnehage og andre instansar må bera preg av samspel og dialog. Foreldremøter med tema som bygg opp om foreldrerolla og har fokus på samhandling og styrking av barn og unges psykiske helse, er viktige verkemiddel i kommunen si satsing på barn og unge.

Arenaer:

Barnehage og skule er viktige arenaer i det forebyggande psykisk helsearbeidet. Der kan barna bli sett og forstått og kan få vera i eit miljø som tilbyr læring, meistring og inkludering, og ein har jevnleg kontakt med foreldrene.

Dei tilsette har moglegheit til å sjå barn og ungdom og deira kvalitetar, ressursar og behov, og kan bidra til å setta inn støtte og tiltak så tidleg som mogleg. Barnehagar og skular kan få råd, opplæring og hjelp også i det forebyggande arbeidet frå dei andre tenestene innan oppvekstområdet – helsestasjon, familieeininga, legetenesta, psykologtenesta, PPT, fysioterapitenesta, barnevern og Eirik Raude-senteret.

Kultur- og fritidssektoren er også ein særskild viktig arena i det forebyggande arbeidet.

Tilsette:

Alle som arbeider med barn, unge og foreldre til dømes tilsette i barnehage, skule, helsestasjon, kultur og fritid, SFO, bibliotek og kulturskule.

Innsatsnivå 2: Barn og ungdom i risiko

Målgrupper:

Barn og ungdom som står i fare for eller viser begynnande teikn på å utvikla vanskar. Dette kan mellom anna skuldast belastningar i familien, opplevingar dei har hatt, forholda dei lever under eller utfordringar knytt til eiga helse eller identitet.

Hovudfokus:

Førebyggande arbeid retta mot utvalde grupper barn og ungdom, samt enkelindivid. I dette arbeidet er det viktig å kjenna til risikofaktorar som gjer det meir sannsynleg at barn og unge utviklar vanskar, samt kva faktorar som beskyttar og hindrar at det skjer. Jo tidlegare problem vert oppdaga, jo større er sjansen for positiv utvikling.

Arenaer:

Gode barnehagar og skular vil vera buffer for utvikling av vanskar for barn og ungdom i risiko. Ei helseteneste med god kompetanse på å oppdaga symptom og setta inn tiltak tidleg er også viktig. Det same kan ein seia om fritidstilbod, lag og organisasjonar som engasjerer barn og ungdom.

Tilsette:

Alle som arbeider med barn og ungdom og som har særleg ansvar for å identifisera og leggja til rette i eigen teneste, samt henvisa til vidare hjelp når det er nødvendig. Døme er tilsette i barnehage, skule, helsestasjon og familieeining, fastlege, PPT, barnevern, fysio- og ergoterapi, psykisk helse og rus (barn som pårørande) og flyktingtenesta (barn som pårørande).

Innsatsnivå 3: Barn og ungdom med vanskar

Målgrupper:

Barn og ungdom som har utvikla lettare eller alvorlege psykiske vanskar eller lidingar.

Hovudfokus i arbeidet:

Særskilde, målretta tiltak for enkeltpersonar eller grupper med identifiserte problem. Det dreier seg om å tilrettelegga slik at barna og ungdommane får ei så god utvikling som mulig. Mål med tiltaka kan både vera å behandla, avgrensa, motverka forverring eller førebygga tilbakefall.

Arenaer:

Også for denne gruppa er barnehage og skule ein hovudarena for tiltak. Men her blir det i ennå større grad viktig med hjelp frå andre tenester som kan bidra med særlege tiltak inn på barna og dei unge sine vande arenaer, slik at kvardagen blir så vanleg som mogleg, men tilpassa den einskilde sine behov.

Tilsette:

Dei som jobbear i barnehagar og skular. Alle som har ansvar for å bidra til individuelt tilpassa tenestetilbod, til dømes tilsette i ressursteam, legekontor, psykologtenesta, helsestasjonen og familieeininga, PPT, barnevern, Eirik Raude- senteret, psykisk helse og rus, tilrettelagd fritid.

Mange tenester og tilbod overlappar fleire nivå. Det vil til dømes vera førebyggjande arbeid på alle nivå.

4. HANDLINGSDEL

4.1 Mål og strategiar

Hovudmål:

Barn og unge i Klepp har god psykisk helse

Barn og unge skal gjennom aktivitet, og i lag med andre, oppleva å meistra, høyra til, kjenna seg trygge og oppleva respekt. Dei som har eller står i fare for å utvikle psykisk uhelse skal få nødvendig hjelp.

Målgrupper:

Alle barn og unge i kommunen, deira foreldre og gravide.

Strategiar:

1. Gje barn og unge kompetanse til å forstå og meistre utfordringar dei møter i livet
2. Sikra eit godt oppvekstmiljø, prega av toleranse
3. Legga til rette for at barn, unge og føresette medverkar i utvikling av tenester og tiltak
4. Oppdaga når barn og unge har det vanskelig og setja inn tiltak tidleg, helst før skade eller skeiv utvikling oppstår
5. Sørga for heilskap i tenestene og sikra samhandling mellom dei ulike fagområda
6. Bygga vidare på dei ressursar som allereie finst i brukarane sine familiar og nettverk

4.2 Innsatsområde

Seks innsatsområde er peika ut med mål og tiltak.

1) **Livskompetanse** - gje barn og unge kompetanse til å forstå og meistre utfordringar dei møter i livet

Mål: Barn og unge skal oppleva meistring, kontroll og tru på eiga utvikling. Barn, unge og deira familiar skal få tilbod om tenester som støtter dei i å styrka livskompetansen.

Vi vil:

- Møta barn og unge på ein respektfull måte, som bygger opp om deira sjølvbestemming.

- Læra barn og unge å snakka om følelser og eigen sårbarheit, forstå samanheng mellom tankar og følelser og setta grenser for seg sjølve.
- Formidla kompetanse og verktøy som kan hjelpa barn og unge til å møte utfordringar i livet.
- Legga til rette for å skapa og oppretthalda trygge og gode relasjonar.
- Sikra at vi har vaksne som ser, kan, forstår og handler riktig.

I perioden skal vi:

- Nyttja digitalt baserte sjøvvhjelpstilbod til barn og unge med lettare psykiske vanskar.
- Nyttja arbeidsmetodar som bygger på barn og ungdom sine egne ressursar.
- Bygga kunnskap hos dei som arbeider med barn og unge om kva som er viktig i møte med dei for å oppretthalda og auka opplevinga av god psykisk helse.
- Gi tilbod om undervisning i psykisk helse for aktuelle klassetrinn, gjerne nytta undervisningsopplegget «Alle har ei psykisk helse» som allereie finst på skulane.
- Bidra til å utvikla barn og unge si sjølvkjensle og evne til å sjå eigen verdi.
- Sørga for at barn og unge opplever både tryggleik og passande utfordringar i sin kvardag.

2) *Psykososialt og fysisk miljø* - arbeida for å ha eit godt oppvekstmiljø prega av toleranse

Mål: Barn og unge skal ha gode fysiske og psykososiale oppvekstvilkår, og ingen barn og unge skal oppleva mobbing. Dei skal ha gode, trygge inne- og uteområde som legg til rette for ein aktiv kvardag. Alle skal kjenna at dei høyrer til og får nødvendig psykososial støtte når dei treng det.

Vi vil:

- Ha system for tidlig å kunna avdekka utestenging og mobbing, også på sosiale nettverk.
- Ha gode inne- og uteområde som legg til rette for variert leik og fysisk aktivitet for alle aldersgrupper.
- Styrka barn og unge sine evner til å utvikla gode relasjonar.
- Spreie og auke kunnskap om faktorar som påverker psykisk helse.

I perioden skal vi:

- Nyttja verktøy i skulen og barnehagen som styrker barn og unges relasjonskompetanse.
- Ha fokus på skuleelevane sitt arbeidsmiljø og leggja til rette for auka fysisk aktivitet i skulekvardagen.
- Utvikla ein samla strategi for anti-mobbearbeid i kommunen og ha «antimobbeprogram» i alle skular og barnehagar.
- Nyttja den kompetanse som fins i kommunen i planlegging og gjennomføring av undervisningsopplegg om psykisk helse på aktuelle klassetrinn.
- Ha psykisk helse og trivsel som tema på foreldremøter.
- Sørgje for å hindra stigmatisering og utestegning, forebygga ekskludering og stigmatisering.

Faktaboks:

Det å vera fysisk aktiv reduserar risiko for å utvikla psykiske lidningar. Miljømessige faktorar som støy, farleg trafikk og låg standard i bumiljø er og risikofaktorar når det gjeld utvikling psykiske plagar.

Dei viktigaste helsedeterminantane er i nærmiljøet, bumiljøet, familien, det sosiale nettverket, samfunnet, barnehagane og skulane. Manglande oppleving av fellesskap, lite samhandling, mobbing og opplevd einsemd er alle risikofaktorar når det gjeld utvikling av psykiske lidningar. Gode psykososiale miljø er ein beskyttande faktor når det gjeld utvikling av psykiske vanskar - og hos innvandrarar, flyktningar og asylsøkjjarar.

3) *Medverknad* - leggja til rette for at barn, unge og føresette skal kunna medverka i utvikling av tenester og tiltak

Mål: Barn, unge og deira føresette skal delta aktivt i utforming av tenester og eigne tiltak.

Vi vil:

- Leggja til rette for medverknad på individnivå, slik at barn og unge som får tenester, kan delta i utforming av eigne tilbod og opplegg, og i avgjersler som blir tekne; «Ingenting om meg utan meg».
- Leggja til rette for systematisk brukarmedverknad i utvikling og drift av tenestene.

I perioden skal vi:

- Auke brukarfokus i tenesteytinga.
- Oppretta brukarråd for barn, ungdom og foreldra deira.
- Nyttå direkte brukarmedverknad i samtalar, grupper og undervisning (KOR).
- Sørga for lett tilgjengeleg informasjon om rettar og klagemoglegheiter.

Faktaboks

FN's barnekonvensjon seier at barn har rett til å seia si meining i alt som angår dei, og deira meiningar skal vektleggast.

Barneloven §31 slår fast at barn, etter kvart som dei blir i stand til å danna eigne synspunkt i saker som vedkjem dei, skal bli høyrde før foreldra tek avgjersler om personlege forhold for dei. Barns meining skal vektleggast etter alder og modenheit. Detr same gjeld for andre som barn bur hos eller som har med barn å gjera.

4) *Tidleg oppdaging og tidleg innsats* - kunna oppdaga når barn og unge har det vanskeleg og setja inn tiltak tidleg, helst før skade eller skeiv utvikling oppstår

Mål: Barn, unge og deira føresette skal få rask og rett hjelp.

Vi vil:

- Helsefremmande og forebyggande arbeid blir prioritert.
- At alle delar av oppvekstfeltet i kommunen har som hovedfokus å fremma psykisk helse.
- At tilsette skal ha kompetanse og verktøy til å oppdaga når barn og unge viser teikn til vanskar eller uheldig utvikling.

- At tilsette skal handla, vita kva dei skal gjera og kven dei skal samarbeida med når dei møter barn eller ungdom som kan være i risiko for uheldig utvikling.

I perioden skal vi:

- Auke kunnskap om og forståing av kva som fremjer god psykisk helse hos barn og unge.
- Heva tilsette sin kompetanse om tilknytning, samspel og relasjonar.
- Ha rutinar for å snakke saman på lågast mulig nivå når ein kjenner på ei bekymring – avklara kven som gjer kva.
- Gjere lågterkeltiboda kjende for barn, unge og familiar og fortsetja utviklinga av desse.
- Vidareutvikla systemet med barneansvarlige i alle tenester til brukarar med barn.
- Nytt 4-fotingen som felles kartleggingsverktøy – avklare roller og ansvar allereie ved kartlegging.
- Gjere tenestene meir synlege på sosiale media.
- Yte tenestene nærast mogleg der folk er.

Faktaboks

Forskning viser at vi allereie i 2-4 årsaldaren kan plukka ut dei barna som med svært stor sannsynlegheit vil utvikla moderate og alvorlege sosiale vanskar. Ein ser det best på samspelet mellom foreldre og barn. (Øyvind Kvello)

5) *Samhandling* - sørga for heilskap i tenestene og alltid tenka på korleis me kan handla saman med brukar og andre fagområder

Mål: Barn, unge og deira føresette skal oppleve at tenester og fagpersonar samhandlar til beste for det enkelte barn og den enkelte ungdom.

Vi vil:

- Ha ei felles forståing og grunnleggande kunnskap om psykisk helse på tvers av tenester.
- Ha kjennskap til risikofaktorar og beskyttande faktorar for utvikling av god psykisk helse hos barn og ungdom.
- Evaluera tverrfagleg innsats og samhandling.
- Alle tilsette skal vita kva tenester kommunen har.
- Kommunisera raskt, enkelt og konkret.

I perioden skal vi:

- Ta i bruk 4-fotingen som kartleggingsverktøy der det er fleire involverte instansar.
- Ha oversikt over tenester som kan være aktuelle når barn og unge strever.
- Laga faste rutinar for effektregistrering og evaluering av tiltak.
- Resurssgruppmøtene skal brukas som samhandlingsarena på individ og systemnivå.
- Utarbeide rutinar for korleis ulike samarbeids møte skal gjennomførast og dokumenterast.

6) *Familie og nettverk* - bygga vidare på dei ressurser som allereie finst i brukarane sine familiar og nettverk

Mål: Føresette skal vera bevisste si eiga rolle og ansvar og ha kunnskap og haldningar som gir gode oppvekstforhold.

Vi vil:

- Ha ei ressursorientert tilnærming i samarbeidet med familiar og nettverk.
- Nytt eksisterande nettverk i tiltak.
- Nytt nettverksmøter der det er mogleg og nyttig.

I perioden skal vi:

- Ha eit bevist forhold til betydning av å ha nettverk, og leggja til rette for at barnefamiliar, barn, unge og foreldre skal få høve til å bygga nettverk med utgangspunkt i helsestasjon, barnehage, skule eller frivillige organisasjonar.
- Ha fokus på barn og unge sitt formelle og uformelle nettverk i kartleggingsarbeid – alltid spørje «Kven kan hjelpe deg?»
- Møte familiar med respekt og alltid først undersøka kva dei kan bidra med i samarbeid, tiltak og oppfølging.
- Heva kompetansen på nettverksarbeid, ta i bruk forskningsbaserte metodar.
- Styrka foreldrerolla og tydeleggjera at dei vaksne har ansvaret.

Faktaboks

Føresette og familiar har stor betydning for barns utvikling og trivsel. Barn og unge treng føresette som ser dei, bryr seg og følger opp. Forsking syner at foreldrekonflikt kan gi høgare nivå av depresjon, angst og aggresjon, sjølvsskadiansadferd, lågare sjølvtilitt, dårlegare psyksisk helse, skuleprestasjonar og rusproblem

5. IMPLEMENTERING

5.1 Plan, vidare konkretisering

Dette er ein overordna plan som syner at alle kommunale einingar som jobbar med barn, ungdom og deira foreldre, har eit ansvar for å fremja god psykisk helse i befolkninga. Det er også eit felles ansvar å oppdaga når barn og unge står i fare for eller er iferd med å utvikla psykiske vanskar.

Planen må følgast opp med konkrete tiltak i skular, barnehagar og andre avdelingar som gir tenester til barn og unge for å gi ønska effekt.

5.2 Tenester- ansvarsfordeling

Helsestasjon

Ansvaret for psykisk helseteneste til barn og unge er i hovudsak lagt til fastlegane og til avdeling Helsestasjonstenester. I tillegg til helsesøstertenenesten, er det der etablert ein psykologteneste og ei tverrfagleg familieeining i helsestasjonen som inneheld foreldrerådgeving, ulike gruppetilbod til barn unge og foreldre, og miljøarbeid retta mot familiar.

PPT

PPT skal gje sakkunnige vurderingar av behovet til barn og unge som ikkje har, eller som ikkje kan få eit tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. PPT skal hjelpe skulane og barnehagane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Dette arbeidet vert gjort for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PPT skal gi rettleiing av personalet i barnehagar og skular når det gjeld førebygging, tilrettelegging av læringsmiljø, pedagogisk utviklingsarbeid og tilpassa hjelp/undervisning.

Barnevern

Barnevernet skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helse og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dei skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Skule

Opplæringslova har mange formål. Skulen skal mellom anna leggja til rette for at elevane skal utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å kunna meistra liva sine og kunna delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Elevane skal få utfalda skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

5.3 Verktøy

4-fotingen

Kartleggingsverktøy til bruk ved bekymring for eit barn. Hensikten med verktøyet er å få ein oversikt over barnet sin situasjon, spesielle hjelpebehov eller ytterligere behov for utgreiing. Det er vidare eit samarbeidsverktøy der foreldre saman med fleire faginstansar, kan få ei felles forståing av barnet og barnet sin situasjon ut frå ulike ståsted.

TIBIR (Tidleg Intervensjon Barn I Risiko)

Klepp har gjort vedtak om å vera ein TIBIR-kommune. Dette opplegget er spesielt retta mot barn som utviklar åtferdsvanskar som symptom på at dei ikkje har det greitt. Det er eit heilheitleg system av individretta foreldrerettleiing, gruppetilbod til foreldre og rådgjeving til barnehage- og skulepersonell ved ulike grader av åtferdsvanskar hos barn i alderen 3 – 12 år.

Digital modell for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk syke og barn av foreldre som misbruker rusmidler

Klepp har under utvikling ein digital modell for oppdaging og oppfølging av desse barna som forskning har vist er meir utsette for å få psykiske vanskar enn andre barn. Modellen skal gjera det enklare for tilsette og innbyggjarar å finne fram i det kommunale tilbodet.

Andre tilbod og tiltak

Som vedlegg til planen ligg ei oversikt over metodar og verktøy som blir brukt i førebygging og behandling i kommunen.

5.4 Ansvar

1. Oppvekstgruppa har overordna ansvar for at planen blir teken i bruk.
2. Leiarane skal sikra at planen vert følgt opp, gjort kjent og følgt opp med konkrete tiltak.
3. Oppvekstgruppa har ansvar for at planen vert evaluert innan utgangen av 2018.

VEDLEGG:

Program og verktøy som bli brukte i Klepp kommune i det primær- og sekundærførebyggande arbeidet med å utvikla god psykisk helse for barn og unge. Nokre av verktøya brukest også i behandling.

Primærførebyggande

Sekundærførebyggande

Aktuelle verktøy/tiltak	Kort informasjon	Ressursperson som kan gi meir info
Barneskule		
Zippys venner	Målsetting med undervisningsprogrammet: <ul style="list-style-type: none"> • Å identifisera og snakka om kjensler • Å meistra problem i dagliglivet • Å støtta andre som har det vanskelig Brukest hovedsaklig på 1.trinn. Nokre bruker det også på 2.og 3.trinn	Sissel J Johannessen Etat for skule og barnehage
PIS grupper	For barn som har opplevd samlivsbrot Skulehelsetenesta driv PIS-grupper på barneskulane, med samtale rundt ny livssituasjon, samværsordningar, ny kjæraste/familie og kva som kan vera bra med at foreldra ikkje bur saman lenger.	Kjersti Sandnes, helsestasjonstenesta
Det er mitt val (Lions Quest).	Eit rusførebyggande program som går ut på å styrka elevane sitt sjølvbilete, sjølvkjensle og samhandling med andre	Etat for skule og barnehage
ART (Aggression replancement training)	Eit strukturert, pedagogisk program der målet er å førebygga, redusera og erstatta aggressiv atferd. Består av trening i sosiale ferdigheter, sinneregulering og moralsk resonnering. Treningen har dokumentert effekt på klassemiljø og utfordrande atferd.	Eirik Raude senteret
Berdeskapsteam mot mobbing	Tverrfagleg interkommunalt team som tilbyr hjelp til elevar, foreldre og skular i dei vanskeligste mobbesakene	Sissel J Johannessen
Ungdomsskule		
Alle har ei psykisk helse	Eit helsefremjande og primærførebyggande, evidensbasert program som skaper medvit hos elevar om eiga psykisk helse. Går over ei veke på kvart trinn i ungdomsskulen.	Etat for skule og barnehage
Psykologisk førstehjelp	Psykologisk førstehjelp er eit sjølvhjelpsverktøy for meistring av eigne kjensler. Verktøyet skal læra barn og ungdom enkle sjølvhjelpsteknikkar.	Monica Kvål Kjersti Sandnes helsestasjonstenesta
Det er mitt val (Lions Quest).	Eit rusførebyggande program i barne- og ungdomsskulen, som går på å styrka elevane sitt sjølvbilete, sjølvkjensel og samhandling med andre.	Etat for skule og barnehage
SMART-grupper	Gjennom gruppesamlingar kan ungdom læra korleis tankar, emosjonar, atferd og kroppsreaksjoner heng saman. På den	Monica V Kvål Olivia Serwanski Psykologtenesta

	måten forstå sine reaksjonar, og jobba med konkrete utfordringar når det gjeld angst, depresjon og sosial kompetanse.	
Berdeskapsteam mot mobbing	Tverrfagleg interkommunalt team som tilbyr hjelp til elevar, foreldre og skular i dei vanskeligste mobbesakene	Sissel J Johannessen Etat for skule og barnehage
Foreldre		
Godt Samliv	Kurset gir støtte og inspirasjon i ein periode med store forandringar og utfordringar i kvardagen. Kurs over 2 kvelder for foreldre som får sitt første barn. Helsesøster/fysioterapeut og jordmor/lærer driv kursa på helsestasjonen, vår og haust.	Marit Thu og Irene F Dørmænen, helsestasjonstenesta
Barselgrupper	Gruppetreffae på helsestasjonen gir rom for samtale om spedbarnstida, trivsel og helse. Tilbodet innebær 3 møte til alle mødre med nyfødte – og drivest av jordmor og helsesøster i Klepp	Kjersti Sandnes, helsestasjonstenesta
DUÅ Dei utrolige åra	Målet er å læra foreldrene samspel med barna som fremjer kognitiv-, sosial- og emosjonell utvikling og som forebygger forskjellige former for psykiske helse-plager. Det kjørest 2 kurs pr år (vår og haust)i universalprogrammet på helsestasjonen	Astrid Merete Grødem Irene H Refsnes helsestasjonstenesta
Barselterapi grupper	Kurs for mødre med nedstemthet i samband med fødsel og barseltid. Å læra seg å meistra tankar og følelser, dela erfaringer med andre, utvida sosiale nettverk og øva på godt samspel med babyen er hovedtema. Arrangerest på Kleppetunet ca 3 g pr år med psykolog og jordmor	Monica V. Kvål og Irene F. Dørmænen, helsestasjonstenesta
Trygghetssirkelen COS	Modell for å analysera og tolka barns atferd, følelser og behov, for å kunna veileda foreldre i utviklingsstøttande omsorg. Modellen har som mål at barnet utviklar ei trygg tilknytting til foreldra sine.	Irene H. Refsnes helsestasjonstenesta
PMTO Parent Managment Training, Oregon	PMTO er eit lågterskeltilbod til foreldre som har barn i alderen 3 -12 år med atferdsproblem. Målet er at foreldra og barnet skal gjenoppretta ein positiv relasjon.	Marit S. Aanonsen helsestasjonstenesta Tonje Ø. Garpestad barneverntenesta
Marte Meo	Marte Meo har fokus på relasjon og samspel. På helsestasjonen blir tilbodet gitt til foreldre.	Irene H. Refsnes Astrid Merete Grødem helsestasjonstenesta
Familie/nettverk		
Familieråd	Familieråd er møte kor familien tar beslutningar når situasjonen til barn er vanskelig. Ein metode for å finne løysningar når barn treng hjelp. Familieråd er frivillig og alle kan ta initiativ til det. Metoden kan brukast i mange ulike situasjonar og for barn i ulike aldersgrupper.	Randi Møller barneverntenesta

Nettverksmøter	Dialog i nettverksmøte er ein lett tilgjengeleg, verdiforankra og kunnskapsbasert modell som har fokus på brukermedverknad. Blir brukt i situasjonar kor det er nødvendig å mobilisera sosiale nettverk for å få til gode løysningar for dei involverte.	Audhild Krohn og Brit Åkerlund Bærheim, Psykisk helse- og rustenesta Kjersti Sandnes, helsestasjonstenesta
----------------	--	---